

## **VEDTEKTER FOR STIFTELSEN WILLIAM H. SINGER JR'S OG ANNA BRUGH SINGERS MINDE**

### **§ 1 Oppretting**

Stiftinga er ei privat stifting med sete i Stryn kommune.

Stiftinga vart etablert den 31.7.1963. Eigedomen Dahlheim vart ved skøye av 27.8.1966 overført til stiftinga frå Anna Brugh Singers dødsbu i samsvar med hennar testament av 20.9.1957, der Nordfjord sjukehus var tilgodesett.

### **§ 2 Føremål, drift m.v.**

Stiftinga har som føremål å ta vare på og drive på ein verdig måte eigedomen Dahlheim som ein kulturinstitusjon. Det skal vere høve til å samarbeide med andre kulturinstitusjonar.

Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane.

Eigedomen skal vere open for omvising i avgrensa periodar etter nærmere vurdering av styret.

Eigedomen kan elles brukast til møte, konferansar og selskapsarrangement.

Ved all bruk av eigedomen skal det takast omsyn til at bruken ikkje medfører slitasje eller skade på bygnignar, innventar, kunstgjenstandar m.v.

Stiftinga har ansvar for å halde gravstaden til ekteparet Singer og studioet i ein ulasteleg og verdig stand.

### **§ 3 Grunnkapital**

Stiftinga har ein grunnkapital på kr. 2.500.000 som er verditaksten av den innskotne eigedomen gnr 6, bnr 27.

Økonomisk grunnlag for den løpende drifta og vedlikehald skal framskaffast gjennom inntektene ved t.d. utleige av rom, omvisningar, møte- og selskapsverksemd og evt private og offentlege tilskot.

### **§ 4 Styret**

Styret er stiftinga sitt høgaste organ.

#### Val

Styret vert vald av fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesutvalet kan delegere valretten til andre fylkeskommunale organ.

#### Samansetnad



Styret har fem medlemer med personlege varamedlemer.

Dersom Stryn kommune går inn med faste tilskot til stiftinga, skal kommunen få foreslå to av medlemene.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Valet følgjer den fylkeskommunale valbolken.

Dagleg leiar har møte- og talerett i styret.

#### Styremøta

For styremøta gjeld følgjande:

- Styret gjer vedtak i møtet
- Styret vert innkalla av styreleiar eller når minst to styremedlemar krev det.
- Styret kan gjere vedtak når minst tre medlemer, inklusive styreleiar eller nestleiar, er tilstades.
- Styret sitt vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved røystelikskap gjeld det som styreleiar har røysta for.
- Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal underskrivast av alle styremedlemane.

Jfr. elles stiftingslova § 9.

#### Oppgåver

Styret har følgjande hovudoppgåver:

- Å ivareta dei oppgåver som er tillagt styret i lov om stiftingar.
- Å utarbeide langsiktige forretningsplanar og budsjett
- Å utarbeide årsmelding, fastsetje årsrekneskap og å foreta årsoppgjer.
- Å tilsetje dagleg leiar, forretningsførar eller andre arbeidstakarar og fastsetje løns- og arbeidsvilkår for desse.
- Å fastsetje møte-, reise- og opphaldsgodtgjersle for styremedlemane.
- Å handsame vedtektsendringar og spørsmål om oppløysing av stiftinga.

#### § 5 Revisjon, rekneskap, kontroll m.m.

Revisor vert vald av det organet som vel styret, jfr stiftingslova § 11.

Stiftinga har rekneskapsplikt etter lov om rekneskap, jfr stiftingslova § 10.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal sendast fylkesmannen innan utløpet av mai månad i året etter rekneskapåret, jfr stiftingslova § 10.

### **§ 6 Dagleg leiing**

Den daglege leiinga av stiftinga si verksemd skal ivaretakast av dagleg leiar.

Dagleg leiar har ansvaret for at verksemda vert driven i samsvar med vedtekten og styret sine vedtak.

Dagleg leiar førebur saker for styret og syter for at det vert ført protokoll frå styremøta.

Styret kan fastsetje instruks for dagleg leiar.

### **§ 7 Signatur og prokura**

Stiftinga vert forplikta av styret sin leiar og ein styremedlem i fellesskap (signatur).  
Styret kan gi prokura.

### **§ 8 Vedtektsendringar**

Styret vedtek forslag om endring i vedtekten. Styret sitt forslag skal sendast fylkesmannen for endeleg godkjenning.

### **§ 9 Opplysing m.v.**

Styret kan med 2/3 fleirtal tilrå å oppheve, fusjonere eller fisjonere stiftinga. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ha høve til å gi fråsegn.

Mynde til endeleg godkjenning av oppheving, fusjon eller fisjon ligg til fylkesmannen.

Vedteke i styret for Stiftinga Singerheimen 29. august 2001.

